



Fylkesmannen i Vestland

Vår dato:

27.09.2019

Vår ref:

2019/18362

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Anne Kristin Kayser Eitungjerde, 5764 3172

Innføringskurs i forvaltningsrett for tilsette i ulike kommunale sektorar i regi av Universitetet i Bergen - påmeldingsfrist 31.10.2019

Universitetet i Bergen har i samarbeid med Fylkesmannen utvikla eit innføringskurs i forvaltningsrett berekna for tilsette i kommunane. Kurset vart gjennomført som ein pilot våren 2019, og fekk svært gode tilbakemeldingar i evalueringa. Det vart vurdert som relevant, tilpassa og nyttig av tilsette i alle sektorar.

Kurset er utarbeidd med tanke på dei som i ein del av stillinga si er saksbehandlarar/skriv vedtak innanfor t.d. pleie og omsorgstenesta, oppvekst og utdanningssektoren, teknisk etat eller andre delar av den kommunale forvaltninga – og har fagbakgrunnen sin frå desse felta. Fellesnemnaren vil vere at ein treng innsikt i og påfyll om regelverket som styrer ein forsvarleg saksbehandling. For dei over 25 år er det ikkje krav til studiekompetanse, medan dei under 25 år må dokumentere dette. Fylkesmannen legg til grunn at kurset vil vere mest relevant for dei med nokre års arbeidspraksis.

Pensumet og gjennomføringa av kurset blir lagt opp slik at det er tilpassa arbeidssituasjonen, og skal vere praktisk til nytte i deltakaren sin arbeidskvardag. Det blir for det meste nettbasert undervisning, men med to samlingar ved universitetet i Bergen over to dagar. Fokus vil vere på hovudreglar og *trening i vedtaksskriving innanfor den enkelte sitt fagfelt*. Kurset blir avslutta med heimeeksamen i mai eller juni, og vil gi 10 studiepoeng.

Oppstarten vil etter planen vere i februar 2020, og det vil vere plass til rundt 30 deltakarar. Avgifta er berekna til kr. 20.000. I tillegg kjem utgifter til overnatting og reise til to samlingar over to dagar. Fylkesmannen tek sikte på å gi kvar kommune som deltek eit tilskot på om lag kr. 10 000 ved fullført deltaking på kurset. Kvar kommune vil få tilbod om eitt slik tilskot, men kan søkje fleire inn på kurset.

Dersom kommunen vil søke inn fleire deltakarar, ber vil om at rådmannen nominerer desse i rekkefølge, og gir ein kort omtale av kandidatane. Deltakarane må gjerne komme frå ulike

E-postadresse:
fmvlpost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.fylkesmannen.no/vl
Org.nr. 974 760 665



sektorar. Dersom det blir mange som søker om plass, vil vi avgrense deltakinga frå kvar kommune, og opprette venteliste.

Søknad, eventuelt nominert rekkefølge av søknader, skal sendast **frå kommunen** til fmvlpost@fylkesmannen.no seinast **31.10.2019**.

Søknaden må innehalde desse opplysningane om den tilsette:

- namn
- adresse
- fødselsdato (ikkje personnummer)
- kort omtale av søkeren sine oppgåver og fagbakgrunn
- dokumentasjon på studiekompetanse (for dei under 25 år)

Vi viser elles lenke til emneskildringa nedst i brevet, og til informasjonen som blir lagt ut på heimesida vår.

Ta kontakt med Anne Kristin Eitungjerde på tlf. 57643172/95281370 om de har spørsmål.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Anne Kristin Kayser Eitungjerde
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Lenke til emneskildring: <https://www.uib.no/emne/JUR605?sem=2020v>